

M/S Nybakks Venner

v/ Per Kåre Nybakk

6710 Vågsøy

Hordaland Fylkeskommune

27 MAR 2014

Hordaland Fylkeskommune

Raudeberg, 24.mars 2014

Att: Laila Melkevoll

Postboks 7900

5020 Bergen

Søknad om driftsstøtte til jubileumsprosjektet «Thing Trail 2014»

M/S Nybakks Venner søker med dette om kr. 16.000,- i støtte til å gjennomføre jubileumsprosjektet «Thing Trail 2014».

M/S Nybakk skal i juni 2014 – i samband med grunnlovsjubileet – vere sendebod for Gulatinget og vitje sentrale norrøne tingstader i Skottland, på Isle of Man, på Orkenøyane og på Shetland. Det vert planlagt arrangement på dei ulike stadane i samarbeid med lokale museum og myndigheiter, og med deltaking av sentrale politikarar frå dei fire fylkene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

M/S Nybakk vil ha med ei utstilling som forutan å vise Gulatinget si historie også viser historia til kvernsteinsbrota i Hyllestad samt til Kinn og Selje kloster – historiske stader som alle hadde sterke internasjonale band i vikingtid og mellomalder, ikkje minst mot Vesterhavsoyene - gjennom utveksling av idear og varer.

Samla kostnad for turen er budsjettert slik:

Drivstoffkostnad	kr. 110.000
Avgift Caledoniakanalen	kr. 4.000
Mannskap (7 mann i 25 dagar)	kr. 280.000
Uføreset	<u>kr. 6.000</u>
Sum kostnad	kr. 400.000